

STEINAR THORSEN

Frydenbøveien 33

5161 Laksevåg

Org.nr: 912 014 681

Kontonr: 3625.16.27031

Bergen, 31.03.16

Hordaland Fylkeskommune

SØKNAD OM PROSJEKTMIDLER TIL FORESTILLINGEN «INGVAR MOE OG VESTLANDET I OSS»

“Vestlandet i oss” er ei poetisk framsyning basert på Ingvar Moe sine dikt, tekstar og songar og utviklast. Framsyninga produserast på ønske fra Norsk Forfattarsentrum (NF), for bruk i DKS, på ungdoms- og vidaregåande skuler, vidare også for vising i bibliotek og kulturhus med opne framsyningar. NF har også gitt støtte til prosjektet.

Steinar Thorsen søker med dette Hordaland Fylkeskommue om prosjektutviklingsmidlar på kr 70.000 kr. til poesi- og musikkprosjektet.

Ingvar Moe (1936 – 1993) var ein markant, viktig og populær diktar i si livstid. Han reknast som ein av de verkeleg Vestlandsdiktarane. Særslig har hans dikt, kåseri og songar vorte folkeeige. Vi presenterer denne framsyninga fordi det er viktig å ta vare på denne kulturarven og presentere materiale på en ny måte.

“Vestlandet i meg” vil presentere Ingvar Moe sitt forhold til Vestlandet, til folket, naturen, vêret og stemninga. Framsyninga er og eit innlegg i debatten rundt det nynorske språket, dei lokale dialektane, og verdien av å ”halde oppe” bygde-Noreg. Framfor alt er framsyninga det gode ordet, til trøyst, glede og ettertanke. Ingvar Moe sine ord er fantastiske!

Framsyninga «Vestlandet i oss» er først og fremst ei presentasjon av Ingvar Moe som ein sterkt litterær kraft. Til saman presenterer framsyninga omkring 30 dikt og tekster i framsyninga, i utdrag frå både lyrikk, kåseri og romanar. På scena står Steinar Thorsen, Tarjei Vatne og Sigrid Moldestad.

Les meir utfyllande om både Ingvar Moe og om framsyninga ”Vestlandet i oss” vidare under.
For kontakt ring Steinar Thorsen på 92 49 44 43.

Beste helsing



Steinar Thorsen

VESTLANDET I OSS

INNLEIING

Framsyninga «Vestlandet i oss» er ein presentasjon av Ingvar Moe som ein sterk litterær kraft, av hans skarpe betrakting av menneske og samfunn rundt seg, men òg den svært eksistensialistiske delen av Moe sin litteratur, hans livsangst og sjølvkritikk, men òg hans medkjensle og omsorg, fremst for dei svake i samfunnet.

Det er viktig for oss også å ta vare på Ingvar Moe sin kjærleik til musikken og melodien. Derfor er «Vestlandet i oss» ein musikalsk litteraturframsyning! Ingvar Moe var svært glad i den vestlandske folkemusikken, og hadde ofte sine lesingar i følgje med musikarar. Mange av Ingvar Moe sine dikt er laga for melodisetting og derfor har komponisten Tarjei Vatne sett nye melodiar til nokre av dikta. Til saman er det 30 dikt og tekster i framsyninga, i utdrag frå både lyrikk, kåseri og romanar. På scena står Steinar Thorsen, Tarjei Vatne og Sigrid Molestad.

Ingvar Moe (1936 – 1993) var ein markant kunstnar i den vestlandske litteraturen.

Han kom frå Etne i Sunnhordland. Han debuterte i 1975 med diktsamlinga "Løktastolpefrø", som fekk Tarjei Vesaas` debutantpris. Etter kvart vart han forfattar på heiltid, og gav ut ei lang rekke bøker. Dikt, romanar, noveller, kåseri og barnebøker. Forteljarstemma har ein folkeleg og munnleg stil. Han var varm, nær, personleg, vår og sår, nærmast sjølvutleverande, og dei mellommenneskelege skildringane hans treffer strenger i dei fleste av oss. Hans forhold til heimbygda vart ofte omtalt som kjærleikshat.

Ingvar Moe henta energi til sine dikt i det daglege »mumlet» blant folk. Han skreiv om den vestlandske bygda, om folkesjela. Han skreiv slik at folk kjenner seg sjølv att i dikta. Han skildra velkjende tema og bilete, som ingen kan stilla seg likegyldig til. Ingvar Moe var ein gjennomført politisk forfattar, med eit kvast syn for samfunns- og sjelstilstandar. Det var ei pågåande stemme, ei opposisjonell stemme, ei stemme som heva seg frå massen og gjorde sitt nærvær gjeldande.

Per Olav Kaldestad seier i forordet til Ingvar Moe sine "Dikt i samling": "I dikta og songane sine viser Ingvar Moe seg på sitt mest utsøkte som ordkunstnar. Når han skreiv dikt var han særleg nøyne med å finne dei retteorda, gjerne ord som på same tid formidla alvor og humor."

*eg vil barre
planta noken pittesmå
løktastolpefrø*

*utpå våren ein gong
ska me gjedna
bjødna å skimta
kvarandre*

I 2003 er det 10 år sidan Ingvar Moe døydde. Turboteateret ønskjer med denne framsyninga å halde Ingvar Moe si stemme levande, og la alle deler av Vestlandet få oppleve hans sterke ord, med denne turnéframsyninga.

Manus

Ingvar Moe skreiv både dikt, noveller, romanar og kåseri. Framsyninga "Vestlandet i oss" vert dikt og songar sett i høgsetet, men dikta vert bundne saman med utdrag frå Moe sine andre tekstar og kåseri. Føremålet med framsyninga er først og fremst å formidle Ingvar Moe sin poesi. Ingvar Moe likte å nå fram til folk, difor skal framsyninga bera preg av det ekte og naturlege uttrykket .

Framsyninga er ikkje ei dokumentarisk eller biografisk skildring av Ingvar Moe sitt liv, men heller eit forsøk på å synleggjere dei tema Ingvar Moe skildra, og gjennom dramatiske-, musikalske-, og visuelle verkemiddel, formidle orda, bileta og stemningane. Framsyninga vert sett saman av små sketsjar, songar, rein dikt-resitering, og dramatiserte songnummer. Likevel, Ingvar Moe skreiv mange av sine tekster med ein sjølvbiografisk vri, og slik vil framsyninga naturleg også tangere diktarens liv og virke.

Det er ikkje ein raud tråd gjennom stykket i form av ei forteljande og kronologisk handling, men små tablå og handlingsetyde sett saman på ein måte som saman lagar ein heilskap. Vi vil kjenne igjen typiske vestlandspositur, vestlandstypar og daglegsituasjonar i skodespelarane si formidling av tekst og melodi.

*Du kom te jordo
Med altfor stutte
bein*

*di nådde aldri
heilt ned*

Musikken

Framsyninga vert presentert med tonefølgje, der resitasjon akkompagnerast av vestlandske folketonar og musikalsk lek. Ingvar Moe var og glad i den songlege formidlinga. Han omsette mange utanlandske viser og popsongar til norsk, og han skreiv mange av sine dikt på ein verseform som inviterte til tonesetting. Han samarbeidde med ei rekke musikarar om å lage melodiar til dikta.

Hovuddelen av den musikken som vert brukt i framsyninga er nylaga komposisjonar av Tarjei Vatne. Det vert også brukt tonesetting som Jonas Fjeld og Reidar Brendeland har gjort til Moe sine dikt. Vi ønskjer å bruke musikk i framsyninga for å ta vare på musicaliteten i Moe sine tekstar, den syngande rytmen i både hans Etne-dialekt og det nynorskmalet han òg skreiv på. Musikken vert spelt "live" på scena med Tarjei Vatne på gitar og piano.

I tillegg er Sigrid Moldestad forespurd om å delta i prosjektet som folkemusikar, for å spele fiolin og hardingfele (Hun er interessera i å delta, men har ikkje rukket bekrefte 100% i skrivande stund). Sigrid har også mykje røynd som songar og skodespelar, i skrivande stund aktuell på Den Nationale Scene i Bergen i framsyninga «Tonje Glimmerdal».

*Eg lika regnet som sipa
nå' regnet e mildt og lett,
ei nyrensa, snille pipa,
og noken som helde meg tett.*

PRODUKSJON

Framsyninga vert produsert for formidling gjennom Den Kulturelle Skolesekken til ungdomsskoler og vidaregåande trinn – gjennom Norsk Forfattarsentrum. Vi ønskjer og å formidle framsyninga gjennom Vestlandske Forfattersentrum på Vestlandet; t.d bibliotek, kulturhus, kulturminnefasilitetar, festivalar og evt. andre kulturelle arrangement.

BUDSJETT - Prosjektering

Utgifter

Utval av materiale – ferdigstilling av «manus»	35.000
Utvikling av ny musikk	30.000
Prøver	
• Tarjei Vatne (musiker)	25.000
• Solveig Moldestad (musikar/skodespelar)	25.000
• Steinar Thorsen (regissør/skodespelar)	25.000
Dekorasjon/tilrettelegging av scene	25.000
Utvikling av formidlingsmateriell (info/PR)	20.000
<u>Prøveframstilling Logen Teater</u>	<u>15.000</u>
SUM UTGIFTER	200.000

Inntekter

Norsk Forfattersentrum	50.000
Bergen Kommune	60.000
Hordaland Fylkeskommune	70.000
<u>Eigenkapital</u>	<u>20.000</u>
SUM INNTEKTER	200.000

MEDVERKANDE

Steinar Thorsen – manus, regi, skodespelar

Steinar er teaterkunstnar med ei rekke prosjekt bak seg i og utanfor Bergen. Han var i 8 år Teatersjef ved Vestlandske Teatersenter og har bl.a. mottatt Bergen Teaterforenings Rampeløktpris (1997) og Nøtterøy Kommunes kulturpris (2012). Steinar Thorsen har vært kunstnarleg leiar for Norges eldste frie teatergruppe Thesbiteateret (Tønsberg) og er i dag medlem i dei frie gruppene Kompani13 og Speilbilder Teater. Han starta og ledet den internasjonale teaterfestivalen MINI MIDI MAXI og har vært regissør, manusforfattar og skodespelar i ei rekke framsyningar, bl.a. på Den Nationale Scene, Teater Ibsen og Det Norske Teatret. Han er i disse dagar aktuell som regissør for 2 prosjekter under Festspillene i Bergen 2016.

Tarjei Vatne – komponist musikar

Tarjei er musikar og komponist med piano og gitar som hovudinstrument og har arbeida profesjonellt sidan 1991. Tarjei var musikalsk leiar i Turboteateret og har komponert musikk til dei fleste av framsyningane. Kapellmeister på Turboteateret si Tom Waits-forestilling "In the Neighborhood". Han har hatt ei rekke oppdrag som kapellmeister utanfor Turboteateret, mellom anna på "Herbjørns verden" på Ole Bull Teater 2002, "Wallmans Salonger" 2002, "Hakkebakkeskogen" (med Ylvis) 2002. Elvisframsyninga "Elvis on my mind" på Logen Teater (som og vitja Edinburgh Fringe Festival i 2001), og på "Prøysen, snikkar Andersen og julenissen" på Hordaland Teater hausten 2002. «Linje 90», Den Nationale Scene 2002, «Rødt lys», Den Nationale Scene 2005, «Sommerfugl», DNS 2008, «Bobile», DNS 2011, «Peder Påske», DNS 2011 og «En julefortelling», DNS 2015.

Sigrid Terese Moldestad – musikar, skodespelar

Sigrid (fødd 19. juli 1972 på Breim i Gloppen kommune) er ein norsk folkemusikar som spelar fele og hardingfele, og syng. Hun er utdanna ved Ole Bull Akademiet (1996–1998). Musikken hennar har rot i den vestnorske folkemusikktradisjon, men har samtidig eit eige uttrykk der moderne arrangement og rytmar er viktig. Sigrid fekk Spellemannprisen 2005 i klassen folkemusikk/gammaldans for debutplata *Gamaltnymalt*.